



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

Kommunebilde Ålesund kommune

*Eit grunnlagsdokument for dialog mellom Ålesund kommune og
Fylkesmannen i Møre og Romsdal*

v. 03.05.2013

Innhold

Kap. 1 – Innleiing	4
1.1 Om innhald/struktur i dokumentet.....	4
1.2 Kort om Fylkesmannens rolle og funksjon, med søkelys på dialog og samarbeid med kommunane	5
1.3 Forankring i strategiplanen for FMMR og i embetsoppdraget	6
1.4 Om Fylkesmannen sine overordna prioriteringar og satsingar på tvers av fagavdelingane ...	7
Kap. 2 – Regional og kommunal samfunnsutvikling - plansamordning	9
2.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet.....	9
2.2 Kommuneplanlegging som politisk og administrativt styringsverktøy	12
Kap. 3 – Kommunal og beredskap	15
3.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet.....	15
3.2 Økonomi og økonomistyring	15
3.3 Samfunnstryggleik og beredskap	17
3.4 Interkommunalt samarbeid.....	19
3.5 Klagesaker etter plan- og bygningslova.....	20
3.6 Verjemål	21
3.7 Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak	22
Kap. 4 – Helse og sosial	23
4.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet.....	23
4.2 Kommnehelse.....	23
4.3 Pleie og omsorg	24
4.4 Sosialtenesta	25
4.5 Barnevern	26
4.6 Psykisk helsearbeid.....	27
4.7 Gjennomføring av helsehjelp med tvang ovenfor pasienter som motsett seg (pasient- og brukerrettighetsloves kap. 4A).....	28
4.8 Rettstryggleik.....	28
4.9 Rusfeltet	28
4.10 Kort oppsummering av fagområdet med søkelys på vidare oppfølging -aktuelle tiltak	29

Kap. 5 – Oppvekst og utdanning.....	30
5.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet.....	30
5.2 Barnehage.....	30
5.3 Grunnskule	32
5.4 Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak	35
Kap. 6 – Miljøvern og arealforvaltning	36
6.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet.....	36
6.2 Forvaltning av arealressursane gjennom kommunal arealplanlegging.....	36
6.3 Miljøvern	37
6.4 Forureining	38
6.5 Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak	39
Kap. 7 – Landbruk.....	40
7.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet.....	40
7.2 Landbruk og bygdeutvikling	41
7.3 Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak	42
Kap. 8 Oppsummering	43
8.1 Vidare dialog og samarbeid.....	43
Vedlegg	44

Kap. 1 – Innleiing

- *Om innhald/struktur i dokumentet*
- *Kort om Fylkesmannens rolle og funksjon, med søkelys på dialog og samarbeid med kommunane*
- *Forankring i strategiplanen for FMNR og i embetsoppdraget*
- *Om FM sine overordna prioriteringar og satsingar på tvers av fagavdelingane*

1.1 Om innhald/struktur i dokumentet

Dette dokumentet vil inngå som eit viktig grunnlag for nærare samarbeid og dialog mellom fylkesmannen og kommunen. Målet med dokumentet er at kommunen og fylkesmannen saman kan ha dialog om ulike utfordringar og korleis ein saman kan kome fram til betre løysingar for innbyggjarane i Møre og Romsdal.

Kommunebildet vil saman med kommunestatistikk og andre aktuelle grunnlagsdokument vere eit naturleg utgangspunkt for fylkesmannens opplegg for samordna kommunebesøk i den aktuelle kommunen. Dokumentet vil bli oppdatert/revidert i samband med dette.

Innhaldsmessig rettar dokumentet søkelys mot følgjande tema:

- Regional og kommunal samfunnsutvikling - plansamordning
- Kommunal og beredskap

Tema/kapittelinnending avspeglar i hovudsak strukturen i fagavdelingane hos fylkesmannen. For kvart tema blir presentasjonen bygd opp rundt tre hovudpunkt:

- ***Fylkesmannen sine fokusområde***
 - omfattar relevante og konkrete forhold for gjeldende kommune med utgangspunkt i statlege forventningar og politikk, samt Fylkesmannens kjennskap til kommunen
- ***Fylkesmannen sitt bilde av kommunen***
 - omfattar ei kort oppsummering av kommunens status i forhold til Fylkesmannens fokusområde og eventuelle andre relevante forhold
- ***Dialogpunkt***
 - omfattar forhold der Fylkesmannen ønskjer ein dialog med kommunen

Avslutningsvis i dokumentet er det lagt opp til ei kort oppsummering med søkelys på vidare dialog og samarbeid mellom fylkesmann og kommune, gjerne på tvers av tema og fagområde.

Som vedlegg til dokumentet er det m.a. tatt med aktuelle lenker til:

- Statistikk
- Tabellar/figurar/kart
- Planar/dokument m.m.

Det er viktig å understreke at kommunebildet frå Fylkesmannen si side ikkje er meint som eit uttømande bilde av kommunen, men at dokumentet rettar søkelyset mot forhold der kommunen har eit handlingsrom eller utviklingspotensial som det er viktig å ha dialog om. Dokumentet er meint å gi ei rask, samla oversikt over ulike utfordringar kommunen har. Dei ulike punkta kan elles i ulik grad vere kvalitetssikra, og vil heller ikkje representere ein fasit eller objektivt syn på situasjonen i kommunen.

Oversikt over nye og endra statlege styringssignal retta mot kommunane er tilgjengeleg på Fylkesmannens heimeside <http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/> Møre og Romsdal fylkeskommune har utarbeidd ein “statistikkpakke” til kvar kommune med tilrettelagt informasjon om utvalte utviklingstrekk for kvar kommune i fylket, og spesielt utvikla med tanke på kommunane sitt planarbeid: <http://mrfylke.no/kommunestatistikk>

Fylkesstatistikk for Møre og Romsdal, RISS og TEMP er andre publikasjonar frå fylkeskommunen som kan vere tenleg som kunnskapsgrunnlag til planarbeidet <http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser>

1.2 Kort om Fylkesmannens rolle og funksjon, med søkelys på dialog og samarbeid med kommunane

Fylkesmannen er Kongen og Regjeringa sin fremste representant i fylket og utfører mange og svært allsidige forvaltningsoppgåver for staten (dei ulike departementa).

Oppgåvene er grovt sett tredelte:

- å setje i verk Regjeringa/Stortinget sin politikk ute i kommunane/fylkeskommunen
- å samordne staten sin politikk/verksemd mot kommunane
- å passe på at innbyggjarane får den rettstryggleiken dei har krav på

Fylkesmannen har både reine fagoppgåver (for fagdepartement /direktorat) og meir generelle/samordna statsoppgåver. Alle oppgåvene er i det vesentlege retta mot kommunane i fylket:

- formidling av statlege styringssignal
- fordeling av statlege tilskottsordningar
- klagesaksbehandling over kommunale og fylkeskommunale vedtak etter div. særlover
- tilsyn etter div. særlover

Fylkesmannen har oppgåver innanfor fleire fag- og forvaltningsområde

- miljø
- landbruk
- oppvekst og utdanning
- helse og sosial
- planlegging og byggesak
- kommunal organisering og tenesteyting

Fylkesmannsinstruksen har meir om oppgåvene til embetet

<http://www.regjeringen.no/nn/dep/fad/dokument/proposisjonar-og-meldingar/Odelstingsproposisjonar/20002001/otprp-nr-84-2000-2001-.html?id=123802>


1.3 Forankring i strategiplanen for FMMR og i embetsoppdraget

Lodve Solholm er fylkesmann i Møre og Romsdal frå 01.10.2009. Fylkesmannsembetet i Møre og Romsdal har ca 130 tilsette er lokalisert i Fylkeshuset i Molde. Embetet er organisert i fem fagavdelingar og ei stabseining.

Dei fem fagavdelingane er:

- kommunal- og beredskapsavdelinga
- helse- og sosialavdelinga
- landbruksavdelinga
- miljøvernavdelinga
- oppvekst- og utdanningsavdelinga

Organisasjonskart



Strategiplan 2012-2016

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har vedtatt ein eigen *Strategisk plan 2012 – 2016*; sjå <http://fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=59276&amid=3599318>

Strategiplanen er ei felles plattform som viser retning for arbeidet i planperioden. Planen skal ligge til grunn for det daglege arbeidet og verksemdplanar i avdelingane. Strategiplanen kan òg tene som nyttig informasjon til brukarar og samarbeidspartar, og vil vere ei viktig plattform i arbeidet med dei kommunevise kommunebilda.

Strategiplanen tar utgangspunkt i følgjande verdiar og visjonar:

- **Verdiar:** Rettferdig, Kompetent, Open og engasjert
- **Visjon:** Trygg framtid for folk og natur

Planen rettar vidare søkelys mot følgjande tre hovudmål:

- **Setje i verk statleg politikk** – omfattar formidling og iverksetting av statleg politikk og forventningar til kommunane på tvers av alle politikkområde.
- **Samordning** - omfattar samordning av statleg og kommunal forvaltning og medverknad til samarbeid mellom regionale statsetatar og andre regionale aktørar.
- **Rettstryggleik** – omfattar fremjing av rettstryggleik for einskildmenneske og fellesskap, med vekt på likeverd.

Embetsoppgavet er ei oversikt over Fylkesmannens totale oppgåveportefølje fordelt på dei ulike departementa; sjå <http://www.fylkesmannen.no/hovedEnkel.aspx?m=69600>

1.4 Om Fylkesmannen sine overordna prioriteringar og satsingar på tvers av fagavdelingane

Fylkesmannsinstruksjonen slår m.a. fast at Fylkesmannen skal:

- medverke til samordning, forenkling og effektivisering av den statlege verksemda i fylket
- arbeide for best muleg samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen og den lokale statsforvaltninga
- bistå statlege etatar med behandlinga av spørsmål som blir tatt opp med kommunane eller fylkeskommunen

Fylkesmannens samordningsansvar gjeld tverrsektoriell samordning av statlege styringssignalar mot kommunesektoren, og omfattar samordning mellom sektorar og mellom forvaltningsnivå.

Samordningsansvaret gjeld også i forhold til statlege etatar i fylket som er plassert utanfor fylkesmannsembetet, og som har eit oppfølgingsansvar overfor kommunesektoren

Det er ein føresetnad at fylkesmannsembetet i sin kontakt med kommunane opptre samordna, det vil seie at embetet skal framstå som ei samla eining på tvers av fagavdelingane.

Som eit ledd i dette vil det vere behov for ulike typar samordning:

- Gjennom fagleg samordning skal Fylkesmannen samordne enkeltsektorar og søke løysingar som kan ligge i skjeringspunktet mellom ulike sektorinteresser
- Gjennom kommunesamordning blir styringssignal samordna for å sikre lokalt handlingsrom og samsvar mellom oppgåver og økonomisk rammer

Fylkesmannen sin kommuneretta samordningaktivitet er forankra i statens overordna mål for styring av kommunesektoren; jf. omgrepa rammestyling og lokal handlefrihet.

Kommunen skal fungere i spenningsfeltet mellom lokalsamfunnets behov for å styre egen utvikling og statens behov for å implementere nasjonal politikk på lokalt nivå og med lokal medverknad. Kommunen skal altså kunne ivareta både ein sjølvstyrefunksjon og ein forvaltningsfunksjon. Kommunen sine muligheter til å gjere lokale politiske prioriteringar er eit sentralt mål for fylkesmannens samordningsverksemd. Den kommunale handlefridomen skal også sikrast ved at summen av oppgåvene den enkelte kommune blir pålagt ikkje skal overstige ressursane.

Det er særleg viktig at mål og prinsipp for kommuneretta samordning blir lagt til grunn i samband med Fylkesmannens verksemd på følgjande tema-/saksområde – og også i forhold til koplingar mellom desse:

- samordning av enkeltsaker
- kommunal økonomi
- tildeling av skjønstilskot
- medverknad til kommunal planlegging
- kommunale organisasjonsspørsmål
- omstilling i kommunane

Kap. 2 – Regional og kommunal samfunnsutvikling - plansamordning

- *Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet*
- *Kommuneplanlegging som politisk og administrativt styringsverktøy*
- *Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak*

2.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet

Med utgangspunkt i viktige regionale og kommunale utviklingstrekk blir søkelyset i det følgjande retta mot kommunen si rolle som samfunnsutviklar og som tenesteleverandør. Kommunal planlegging vil i tråd med dette vere eit viktig utviklings- og styringsverktøy.

Fylkesmannen har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova (pbl). Ei viktig oppgåve i planprosessar er å formidle nasjonal politikk innanfor viktige fagområde, der arealpolitikk og miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. Fylkesmannen skal sjå til at nasjonale og regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet, og elles også sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk. Vidare har Fylkesmannen ansvar for behandling av klager på kommunale vedtak i plan- og byggesaker etter lova. Fylkesmannen har og rolle som meklar i plansaker der det ligg føre motsegn.

Dei 36 kommunane i Møre og Romsdal viser stor variasjonsbreidde i forhold til demografi og busettingsmønster, næringsliv og økonomi, natur- og ressursgrunnlag, transport og samferdsel; sosiale og kulturelle forhold osv. Fylkeskommunen har eit overordna ansvar for regionalt samarbeid, regional utvikling og regional planlegging i dialog med kommunar og andre offentlege, frivillige og private aktørar. Viktig informasjon om Møre og Romsdal er samla i Fylkesstatistikk 2012, og vil kunne inngå som eit viktig arbeidsverktøy for kommunane, næringslivet og andre som har behov for oppdatert statistikk i sitt arbeid; sjå <http://mrfylke.no/Tenestekomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Fylkesstatistikk>

Regional planstrategi 2012 – 2016 gjer nærare greie for viktige utviklingstrekk og hovudutfordringar i fylket, og inneheld oversyn over korleis dei prioriterte planoppgåvene skal følgjast opp vidare; sjå <https://mrfylke.no/Tenestekomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Regional-planstrategi/Regional-planstrategi-2012-2016> Eit viktig mål med planstrategiarbeidet er å avklare regionale utfordringar og moglegheiter, samt prioritere viktige område for regional samhandling og planlegging i planperioden. Planstrategien skal også ivareta nasjonale forventningar og prioriteringar. Gjennom dette vil det kunne leggjast til rette eit tettare samarbeid mellom Fylkesmannen, regional statsforvaltning og fylkeskommunen om regional planlegging. Det kan også inngå som eit meir forpliktande styringsverktøy for å sjå utfordringar i fylket på tvers av kommunegrensar, forvaltningsnivå og sektorar. Vidare kan viktige satsingsområde og prioriteringar nedfelt i den regionale planstrategien vere med å opne opp for regionale tilpassingar knytt til Fylkesmannens embetsopdrag.

Fylkeskommunen skal utarbeide regionale planar for dei spørsmåla som er fastsette i den regionale planstrategien. Regionale planar kan gjelde for heile regionen, delar av regionen eller vere tematiske. Eit planspørsmål som har verknad for fleire kommunar er i utgangspunktet eit aktuelt tema for ein regional plan. Fylkesplanen er arena for samarbeid om langsiktig og strategisk planlegging i regionen. Med *Fylkesplan 2013-2016* <http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Fylkesplan/Fylkesplan-2013-20162> er søkelyset retta mot 4 prioriterte satsingsområde (Kultur, Kompetanse, Verdiskaping og Samferdsel) og 6 gjennomgåande perspektiv (Barn og unge, Folkehelse, Universell utforming, Likestilling og inkludering, Internasjonalisering og Miljø og klima).

Kort om Ålesund kommune:

- Besøksadresse: Rådhuset, Ålesund
- Postadresse: Postboks 1521, 6025 Ålesund
- E-post: postmottak@alesund.kommune.no
- Telefon: 70 16 20 00
- Kommunens heimeside: <http://www.alesund.kommune.no/>
 - Årsmelding 2011 for Ålesund kommune
http://www.alesund.kommune.no/images/stories/dokumenter/Aarsmeldinger/Aarsmelding_Aalesund-kommune_2011-web.pdf
 - Meir om kommunale planar og rapportar:
<http://www.alesund.kommune.no/fakta-om-alesund/styrende-planer>

Kommunen som samfunn

Demografi

Ålesund kommune er både ei by- og landkommune med eit landareal på 98 km². Kommunen fekk sine noverande grenser i 1977 då Sula vart skilt ut frå Ålesund som eigen kommune. Dei tidligare kommunane Ålesund og Borgund vart elles slått saman til ein kommune i 1968. Nabokommunar til Ålesund er Sula, Giske, Haram, Skodje og Sykkylven.

Ålesund kommune hadde pr. 01.01.2012 44.416 innbyggjarar. Folketilveksten har dei siste åra auka kraftig, og ligg over landsgjennomsnittet.

Kommunen som organisasjon


Politisk organisering

Bystyret i Ålesund har 49 representantar. I tillegg til Kontrollutvalet og Formannskapet (13 medlemmer) er det etablert tre politiske komitear med representantar frå bystyret; ein kultur- og oppvekstkomite, ein byutviklings- og miljøkomite og ein helse- og velferdskomite. Det er vidare oppretta ei rekke styre, nemnder, råd og utval. Kvar av bydelane har sitt eige bydelsutval.

For meir om politikk og lokaldemokrati i kommunen; sjå


<http://www.alesund.kommune.no/lokaldemokratipolitikk-rad-og-utvalg>

Administrativ organisering



Stabsfunksjonar

Rådmannens stab omfattar 8 team:



For meir om administrativ organisering og kommunal tenesteproduksjon; sjå <http://www.alesund.kommune.no/fakta-om-alesund/organisasjon>

2.2 Kommuneplanlegging som politisk og administrativt styringsverktøy

Den kommunale planlegginga skal etter plan- og bygningslova samordne både den fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga. Kommunal planlegging er i lys av dette eit viktig verktøy for utvikling og styring både av kommunen som samfunn og kommunen som organisasjon.

Regional og kommunal planstrategi

Regional og kommunal planstrategi er innført som nye verktøy i plan- og bygningslova (pbl 2008). I samsvar med pbl § 10-1 skal er kommunane pålagt å utarbeide ein kommunal planstrategi i kvar kommunestyreperiode, og seinast eitt år etter konstituering av nytt kommunestyret. Formålet er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å legge til rette for ei ønska utvikling i kommunen. Fylkestinget skal i løpet av den same perioden vedta ein regional planstrategi som skal avklare dei regionale planbehova. Fylkeskommunen bør i samarbeid med kommunane her legge opp til eit opplegg som sikrar samordning. Arbeidet med den kommunale planstrategien vil også kunne rette søkelys mot ei nærare drøfting og avklaring av behovet for interkommunalt samarbeid.

Nasjonale forventningar

Viktige føringar for arbeidet med regional og kommunal planstrategi er forankra i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, vedtatt av regjeringa 24.06.2011 <http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/veiledninger/2011/nasjonale-forventninger-til-regional-og-.html?id=649923> Forventningsdokumentet omfattar seks hovudtema:

- Klima og energi
- By- og tettstadutvikling
- Samferdsel og infrastruktur
- Verdiskapning og næringsutvikling
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø

Fylkesmannen sine fokusområde

- Kommunal planlegging som verktøy og rammeverk
 - Kommuneplansystemet etter plan- og bygningslova
 - Nasjonale og regionale føringar
 - Kommunal planstrategi
 - Kommuneplan med samfunnsdel og arealdel
- Aktuelle temaområde for høyringsuttale frå Fylkesmannen i kommunale plansaker
 - Planfaglege merknader; prosess og produkt
 - Natur- og miljøvern; landskap, friluftsliv, strandsone, viltinteresser, vegetasjon
 - Landbruk; jordvern, skogbruk, aktivt landbruk
 - Samfunnstryggleik; ROS-analyse
 - Barn og unge; Oppvekstmiljø, leikeplassar, trafikkisikring

- Universell utforming; tilrettelegging, inkludering, deltaking
 - Folkehelse; levekår, nærmiljø
- Fylkesmannen har eit særleg ansvar for at nasjonal politikk blir formidla og følgd opp i behandling av kommunale og regionale planar
 - legge auka vekt på rettleiing og tidleg medverknad i planarbeidet
 - formidle tidleg og aktivt dei nasjonale forventningane og nasjonal politikk i den regionale og kommunale planlegginga
 - Motsegn skal om nødvendig brukast for å sikre at kommunane ikkje vedtar planar i strid med nasjonale og regionale interesser og for å få fram gode løysingar.

Fylkesmannen sitt bilede av kommunen:

- Status for gjeldande overordna planar i Ålesund kommune: Kommuneplanens samfunnsdel og arealdel 2008-2020 vart vedtatt i 2008. Kommunen har utarbeidd kommunal planstrategi. Etter denne skal kommuneplanen sin samfunnsdel rullerast 2013 og arealdelen i 2014. Kommunen har inngått eit felles samarbeid med fleire kommunar på Nordre Sunnmøre om utarbeiding av felles kystsoneplan i 2014.
- Ålesund kommune har behov for ein heilheitleg grønstrukturplan for heile kommunen, særleg med fokus på tilgjenge til og ferdselsårer mellom dei bustadnære friluftsområda (markaområda) og ved sjøen. Utbygging som som utfordrar markaaområda og strandsonevernet treng samla avklaring.
- Kommunen treng ei overordna planavklaring med tanke på betre styring og felles retningslinjer for boligfortetting. Fortetting utfordrar ofte friområde i gjeldande planar. Fylkesmannen legg til grunn ei streng linje for omdisponering. Ros for det pågåande sentrumsplanarbeidet (Sørsideplanen).
- Store samferdselsprosjekt er under planlegging. Desse vil få store fysiske konsekvensar, og kommunen må sjå etter løysingar for betre kollektivdekning som alternativ til massiv vegbygging.
- Det er behov for ein målretta innsats for å legge til rette for å auke bruken av sykkel som transportmåte. Kommunen må halde fram det gode arbeidet med sykkelplanen.
- Kommunen treng oppdaterte og framtidsretta planar for vidare utvikling av Moaområdet som handels- og bydelssenter.

Dialogpunkt

- Fylkesmannen vil vere ein viktig medspelar i kommunale planprosessar. Kommunal planstrategi vil her vere eit nyttig utgangspunkt for vidare dialog og samarbeid rundt kommunale planoppgåver. Dette omfattar m.a. at Fylkesmannen skal
 - sikre at nasjonale og regionale mål blir ivaretatt og vere ein pådrivar for at planarbeid innanfor prioriterte tema blir sett i gang
 - medverke i planprosessane og delta i regionalt planforum
 - prioritere å delta i planarbeidet frå ein tidleg fase og varsle om eventuelle konflikter så tidleg som mulig
- Kommunen har i arbeidet med kommunal planstrategi signalisert oppstart av arbeidet med rullering av kommuneplanens samfunnsdel i 2013 og arealdelen i 2014; Fylkesmannen ønskjer vidare tett dialog om dette.

Meir om aktuelle plandokument

Ålesund kommune har i 2012 utarbeidd *Kommunal planstrategi*. Med utgangspunkt i viktige nasjonale og regionale utviklingstrekk og føringar har planstrategiarbeidet retta søkelys mot kommunen sine eigne utfordringar og planbehov. I samband med dette er det gjort nærare greie for følgjande tema:

- Befolkningsutvikling
- Levekår og folkehelse
- Helse og omsorg
- Oppvekst
- Miljø, klima, samfunnstryggleik og beredskap
- Transport og infrastruktur
- Byutvikling

Planstrategi 2012 – 2015 for Ålesund kommune vart vedtatt i bystyret 07.02.2013. For meir om dette; sjå kommunen si heimeside på <http://www.alesund.kommune.no/fakta-om-alesund/styrende-planer/fag-og-handlingsplaner/5783-planstrategi-2012-2015>

Fylkesmannen har hatt *Planstrategi 2012 – 2015* på høyring; jf. Sak 12/8207. På kommunen sine heimesider fins elles ein grei presentasjon av kommunalt plan- og utviklingsarbeid meir generelt, og med oversikt over kommunale planar som er under arbeid eller som er ferdigstilt; sjå

<http://www.alesund.kommune.no/fakta-om-alesund/styrende-planer>

Dette omfattar m.a. kommuneplan 2008 – 2020 Samfunnsdel og arealdel; sjå

<http://www.alesund.kommune.no/fakta-om-alesund/styrende-planer>

For oversikt over arealplanar under arbeid; sjå

<http://www.alesund.kommune.no/fakta-om-alesund/reguleringsplanen>

Kap. 3 – Kommunal og beredskap

- *Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet*
- *Økonomi og økonomistyring*
- *Samfunnstryggleik og beredskap*
- *Interkommunalt samarbeid*
- *Klagesaker etter plan- og bygningslova*
- *Verjemål*
- *Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak*

3.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet

Fylkesmannen er det sentrale samordningsorganet overfor kommunane på regionalt nivå. Fylkesmannen har ansvar for å medverke med kunnskap om bruk av lover og gi rettleiing om generell saksbehandling i kommunane. I Fylkesmannen si formidling av statleg politikk overfor kommunane skal det gjerast nærare greie for om oppgåvene er lovpålagde eller om dei er av rådgivande eller rettleiande karakter. Fylkesmannen har eit særleg ansvar for å orientere om det økonomiske opplegget for kommunesektoren og rettleie kommunane i økonomisk planlegging og forvaltning. Fylkesmannen har også ei viktig oppgåve knytt til lokal omstilling og fornying i kommunesektoren.

3.2 Økonomi og økonomistyring

Fylkesmannen skal gi kommunane råd og rettleiing i økonomiforvaltninga, blant anna i regelverk, inntektssystem og statsbudsjettet.

Fylkesmannen tildeler kvart år skjønnsmidlar for å kompensere forhold som ikkje blir fanga opp i inntektssystemet. Fylkesmannen tildeler også skjønnsmidlar til omstillings- og fornyingsprosjekt.

Fylkesmannen fører kontroll med kommunen sine budsjett, økonomiplan og regnskap, blant anna med omsyn til inn- og utmelding av ROBEK

FM sine fokusområder:

- **Økonomisk status**
 - Underskot og Robek
 - Driftsresultat
 - Finans og lånegjeld
 - Netto driftsresultat og økonomiske buffere
- **Økonomisk utvikling**
 - Budsjett
 - Økonomiplan

Fylkesmannen sitt bilde av kommunen:

Underskudd og Robek

- Bystyret vedtok å dekke inn underskuddet på 12,6 millioner kroner fra 2011 i 2013. Det foreløpige regnskapet for 2012 viser at kommunen får et underskudd i underkant av 30 millioner kroner. Kommunen har da samla rundt 40 millioner kroner i underskudd.
- I gjeldende økonomiplan er det vedtatt inndekning av underskudd med 25 millioner kroner i 2015 og 15 millioner kroner i 2016. Om kommunen ikke dekker inn 12,6 millioner kroner som forutsatt i år, vil kommunen bli meldt inn i register om betinget godkjenning og kontroll (Robek). Om kommunen vedtar inndekning av underskuddet fra 2012 som forutsatt i økonomiplanen ved fastsettelse av regnskapet, innebærer det også innmelding i Robek.

Driftsresultat

- Ålesund kommune har et høyt driftsnivå i forhold til rammen driftsinntektene gir. Brutto driftsresultat for kommunekassa har vært negativt de siste årene. Det høye driftsnivået har vært dekt opp av finansinntekter. Finansinntektene kommer hovedsakelig fra utbytte, en inntektskilde som kan være ustabil.

Finans og lånegjeld

- Ålesund kommune har de siste ti årene bygd opp stor gjeld. Ved utgangen av 2012 var netto lånegjeld 89 pst av brutto driftsinntekt på konsernnivå. Til sammenligning er landsgjennomsnittet på 72 pst. Økt lånegjeld reduserer handlingsrommet til kommunen, og medfører økt sårbarhet ved raske rentehevinger.

Netto driftsresultat og økonomisk buffer

- Den nasjonale anbefalinga er at netto driftsresultat er på minst tre pst av brutto driftsinntekt over tid for at kommunen sin formue skal ivaretas. Netto driftsresultat er den viktigste indikatoren for hvordan den økonomiske situasjonen i kommunen er.
- Ålesund kommune betaler nær minimumsavdrag.
- Kommunen har ikke disposisjonsfond av nevneverdig størrelse.
- At kommunen ikke har økonomiske buffere er et symptom på en stram økonomisk situasjon. Uten økonomiske buffere er kommunen i en sårbar situasjon for underskudd og innmeldelse i Robek.

Budsjett og økonomiplan 2013 til 2016

- Til driftsbudsjettet er det beskrevet en rekke kutt- eller reduksjonstiltak innenfor flere sektorer og fagområder for å balanse i budsjettet.

- Kommunen øker eiendomsskatten med 10 millioner årlig i budsjett og økonomiplanperioden.
- Budsjetterte skatteinntekter er høyere enn prognosen i statsbudsjettet. At kommunen er i en stram økonomisk situasjon gir ekstra grunn til å være forsiktig med å øke inntektsanslaget utover forutsetningene i statsbudsjettet.
- Symptomene på at kommunen er i svak økonomisk stilling går igjen i budsjettet: Kommunen budsjetterer med lavt netto driftsresultat, det er ikke rom for avsetninger av frie midler og kommunen budsjetterer med nært minimumsavdrag. Til sist er kommunen avhengig av å få budsjettert utbytte for å få balanse i regnskapet. Det samme gjelder for økonomiplana. De eneste frie midlene kommunen har i netto driftsresultat går til å dekke inn underskudd mot slutten av perioden.
- Kommunen vil med det vedtatte investeringsprogrammet i økonomiplana øke lånegjelda ytterligere. Kommunen bør identifisere hvor høye finansutgiftene blir ved gitte rentenivå, og vurdere hvilke konsekvenser det vil ha for tjenesteproduksjonen.

Dialogpunkt

- Hvordan vurderer kommunen å eventuelt bli meldt inn i Robek?
- Hvordan er den økonomiske utviklingen i første tertial?
- Hvilke planer har kommunen for å gjenvinne det økonomiske handlingsrommet?

3.3 Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunane har eit generelt og grunnleggande ansvar for å ivareta tryggleiken til eigne innbyggjarar og andre som oppheld seg i kommunen. Alle uønska hendingar skjer i ein kommune, og kommunane har ei vesentleg rolle i alt beredskapsarbeid.

Fylkesmannen sine fokusområde

Kommunane er blant berebjelkane i norsk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. Kriser og katastroafar gir lokalsamfunnet utfordringar, og mange oppgåver er lagde til kommunane. Kommunane skal sikre god oversikt over risiko og sårbarheit, vere drivkraft for godt førebyggjande arbeid og ha nødvendig beredskap og handteringsevne. Under kriser og katastrofar skal kommunen iverksette tiltak for å verne innbyggjarane og oppretthalde viktige samfunnsfunksjonar. God kommunal beredskap er ein grunnleggande føresetnad for god nasjonal beredskap.

I 2013 er Fylkesmannen særleg oppteken av at kommunane følgjer opp krava gitt i *Sivilbeskyttelseslova (2010)* og *Forskrift om kommunal beredskapsplikt (2011)*. For kommunar som ikkje har utarbeidd heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i samsvar med nye krav, bør dette arbeidet ha høgst prioritet.

Fylkesmannen sitt bilde av kommunen:

Ålesund kommune si krisehandteringsevne har fleire gonger blitt sett på prøve. Både skredulykka i Fjelltunvegen og brannen om bord hurtigruteskipet «Nordlys» er allment rekna som gode føredøme for korleis ein kommune skal handtere komplekse krisesituasjonar.

Fylkesmannen gjennomførte «tilsynsliknande» rettleiingsmøte med Ålesund kommune i 2009. Det vart skrive rapport etter møtet, og i samandraget vart det slått fast at:

Hovudkonklusjon

- Ålesund kommune er medviten om ansvaret sitt og har god kunnskap om samfunnstryggleik og beredskap. Kriseleiinga er medviten om eiga rolle, eige ansvar og eigne oppgåver under krisehandtering.
- Ansvaret for, og arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er usedvanleg godt forankra i kommuneplanen.
- Kommunen har føremålstenlege beredskapsplanar (med potensial for betre samordning).
- Kommunen manglar sektorovergripande ROS-analyse.
- Sektorovergripande ROS-analyse, betre samordna beredskapsplanverk og rutinar for øving vil ta Ålesund kommune endå eit nivå opp.

Mål for vidare arbeid

Etter rettleiingsmøtet gav fylkesmannen desse råda om prioritering i det vidare arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap:

- Sektorovergripande ROS-analyse bør utarbeidast slik at denne kan ligge til grunn for kommunen sine framtidige prioriteringar innan samfunnstryggleik og beredskap.
- Risiko knytt til arealbruk bør kartfestast og koplast til kommuneplanen sin arealdel ved neste rullering.
- Beredskapsplanverket bør samordnast og fullt ut tilpassast digital plattform – anten kommunen sitt kvalitetssystem eller eige "verktøy".
- Kommunen bør finne ein måte å utnytte den gode, tverrfaglege beredskapskompetansen i arbeid med ROS, beredskapsplanverk og øvingar.
- Kommunen bør etablere eit heilskapleg møte- og øvingsopplegg, med årlege møte/øvingar, men ulikt format frå år til år.
- Kommunen bør raffinere rutinane som sikrar at det blir teke omsyn til risiko i reguleringsplan- og dispensasjonssaker, f.eks. at det blir lagt inn eigne avsnitt i kommunen sine dokumentmalar.

Det mest vesentlege og framleis aktuelle punktet frå rettleiingsmøtet i 2009 gjeld utarbeiding av heilskapleg ROS-analyse. Etter det vi kjenner til er kommunen framleis

ikkje i hamn med dette, men begge er inne tidleg i neste planstrategiperiode. Det same gjeld punktet om kartfesting av risiko og kopling til kommuneplanen sin arealdel.

Når det gjeld punktet om beredskapsplanverk, er det fylkesmannen si klare oppfatning at Ålesund kommune har etablert seg som ein nasjonal pioner i arbeidet med å ta i bruk det digitale krisestøtteverktøyet CIM. Vi ser det også som svært positivt at kommunen er initiativtakar og drivkraft for fleire interkommunale beredskapsprosjekt – både med omsyn til beredskapsplanverk, ROS-analysar og øvingar.

Utfordringa på dette området er å sikre at det som på noverande tidspunkt er gode initiativ og prosjekt vert vidareførte som permanente ordningar.

Ålesund kommune har gjennom kompetanse, erfaringar og naturleg tyngde i regionen alle føresetnader for å etablere seg som eit endå tydelegare tyngdepunkt for godt beredskapsarbeid. I dette bildet er kompetansen og kapasiteten knytt til eit stort brannvesen med allereie etablerte spesialfunksjonar særleg viktig.

Dialogpunkt

- Kor langt er kommunen komen, og korleis vurderer kommunen det attståande arbeidet med den heilskaplege ROS-analysen?
- Kva tenkjer kommunen om potensialet for å etablere seg som eit endå tydelegare tyngdepunkt for kommunalt beredskapsarbeid (ordningar for interkommunalt samarbeid, utnytting av den samla beredskapskompetansen som finst i kommunen, blant anna i brannvesenet)?

3.4 Interkommunalt samarbeid

Fylkesmannen sine fokusområde

- Alle kommunane skal ha like føresetnader til å yte gode tenester til innbyggjarane gjennom kompetente og robuste fagmiljø og faste kommunesamarbeidsordningar som òg ivaretar lokaldemokratiet
- Fornyng og utvikling av tenestene med vekt på både lokaldemokrati og kvalitet og effektivitet

Fylkesmannen sitt bilde av kommunen:

- Ålesund kommune er med i Sunnmøre Regionråd som er regionråd og samarbeidsorgan for 17 kommuner på Sunnmøre.
- Ålesund er med sin størrelse et naturleg samlingspunkt og motor for regionen, både internt i regionen og som ekstern merkevare og promotør for regionen.

Dialogpunkt

- Hvordan ivaretar og forvaltar kommunen rolla som regionscenter når det kommer til interkommunalt samarbeid.

3.5 Klagesaker etter plan- og bygningslova

Fylkesmannen sitt inntrykk er at Ålesund kommune er ein av dei kommunane med best kompetanse på behandling av byggesaker. Kommunen har god forståing både om reglane i plan- og bygningslova og generell forvaltningsrett.

Vedtaka til kommunen er oversiktlege, og inneheld mellom anna ei oppstilling av sentrale aktørar i saka og planstatus. Dette gjer sentral informasjon lett tilgjengeleg for fylkesmannen. Kommunen er vidare grundig i si vurdering av innkomne klager og synes å ha som arbeidsmetode at alle klagepåstandar vert kommentert. Dette er positivt då det kan bidra til at klagarane opplever å bli høyrd, sjølv i dei tilfella dei ikkje får medhald.

Fylkesmannen er godt nøgd med at kommunen i hovudsak nyttar elektronisk oversending av saksdokument. Kommunen har likevel noko å hente på å gjere oversendingane meir oversiktlege, då det her er variasjonar frå saksbehandlarane. Det er bra om oversendingsbrevet også inneheld resultat av kommunens førebelse klagesakshandsaming, opplysningar om klagen er gitt oppsettande verknad og ei liste med fullstendig adresse på naturlege kopimottakarar i klagesaka. Vedlegga bør også ha namn som indikerer innhald, og ikkje berre vere ei nummerrekke. Det vil bidra til å lette fylkesmannens førebelse vurdering av saka og gjere det enklare å finne fram i dokumenta.

Vurderingane til kommunen er i hovudsak gode, der den einskilde sak vert behandla grundig og konkret ut frå dei faktiske forholda. Kommunen kan bli noko betre til å skrive om dei rettslege utgangspunkta, og då spesielt dispensasjonsføresegna i § 19-2. Her saknar fylkesmannen ei oppbygging av vurderingane i tråd med systemet i dispensasjonsføresegna. Det er bra om kommunen synleggjer dei omsyna som ligg bak den føresegna eller arealformålet det er søkt dispensasjon frå og vurderer om ein dispensasjon vil innebere ein vesentleg tilsidesetjing av desse. Dersom det er naudsynt å gå vidare til fordels- og ulempevurderinga, bør kommunen peike på dei konkrete fordelane og ulempene som gjer seg gjeldande i den aktuelle saka.

Hittil i 2013 har fylkesmannen oppheva to vedtak frå kommunen, der kommunen har avvist klage frå realitetsbehandling. Kommunen har i desse sakene vore for strenge i høve krava til klageinteresse og klagefrist. Det er vanskeleg å seie om dette er ein generell tendens, men kommunen bør leggje seg på den liberale praksis som er rådande, i høve formalkrav for realitetsbehandling av klage i byggesak.

3.6 Verjemål

Ny vergemålslov blei vedtatt 11. mars 2010 og skal ivareta betre rettstryggleik og integritet for personar under vergemål. Lova gir Norge eit nytt regelverk på vergemålsområdet. Den nye vergemålslova blir sett i verk frå 1. juli 2013, saman med tilhøyrande forskrift og tilknyttta endringar i andre lover. Fylkesmannen skal etter den nye loven fungere som lokal vergemålsmyndighet.

Fylkesmannen sine fokusområde

- Sjå til at kommunen held fram med å halde avleveringa av alle aktive saker ajour fram til 1.juli (datafangstprosjektet).
- Opplæring i ny lov blir tilbode verjene i mai/juni. Opplæringa bør skje på bakgrunn av eit tett samarbeid mellom FM og overformynderia.
- FM er oppteken av at kommunen får levert rekneskapen for 2013 og 01.01.13-30.06.13.

Fylkesmannen sitt bilde av kommunen:

Datafangst

Fylkesmannen er merksam på at datafangsten inneber monaleg meirarbeid for kommunen, og har i den samanheng tilbydd seg å kome og hjelpe kommunen. Kommunen har ikkje sett dette som naudsynt, og FM er trygg på at kommunen held datafangsten ajour fram til 1.juli.

Økonomi

Kommunen har teke opp spørsmål om finansiering av det meirarbeidet verjemålsreforma inneber for kommunen. Det er gjort eit uttrekk i rammeoverføringa til kommunane på verjemålsområdet i 2013. Sjølv om oppgåva som verjemålsstyresmakt berre gjeld fram til 1.juli, har kommunane likevel behalde meir enn halvparten av ramma på området i år (kr. 64,5 mill. av kr. 108 mill.). FM held seg til statsbudsjettet på dette punktet, men har likevel signalisert til kommunane at dei kan melde frå om særlege utgifter på dette området som eit innspel når fylkesmannen skal fordele ordinære skjønnsmidler.

Opplæring av verjer

FM vurderer samarbeidet med kommunen som godt, og ser positivt på at Ålesund overformynderi vil bidra aktivt på informasjonsmøta for verjer og hjelpeverjer både 13. og 15. mai i Ålesund.

Personal

Avklaringa av at medarbeidar med rett til verksemdsoverdraging held fram som arbeidstakar i kommunen etter 1.juli, gjer at fylkesmannen er trygg på at oppgåva blir ivareteken på ein god måte. Spesielt gjeld dette avlevering av rekneskapen for 2012 og 01.01.13-30.06.13.

Dialogpunkt

- Økonomiske utfordringar kommunen har som følgje av meirarbeid med å forberede reforma.
- Vidare tett og god dialog mellom overformynderiet og fylkesmannen for å få til ein smidig overgang av verjemålsoppgåva.

3.7 Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak

- Økonomi og økonomistyring
- Samfunnstryggleik og beredskap
- Interkommunalt samarbeid
- Klagesaker etter plan- og bygningslova
- Verjemål

Kap. 4 – Helse og sosial

- *Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet*
- *Kommunehelse*
- *Pleie og omsorg*
- *Sosialtenesta*
- *Barnevern*
- *Psykisk helsearbeid*
- *Gjennomføring av helsehjelp med tvang*
- *Rettstryggleik*
- *Rusfeltet*
- *Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak*

4.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet

Denne delen omhandlar Fylkesmannen sitt inntrykk av status og utfordringar for kommunen knytt til folkehelse, velferdsproduksjon og kommunal tenesteyting retta mot pleie og omsorgsoppgåver i vid forstand.

Fylkesmannen skal verkeleggjere regjeringa sine mål for sosial- og familiepolitikken saman med kommunane. Dette gjer vi gjennom å rettleie, gje opplæring og samarbeid

4.2 Kommunehelse

Frisklivssentral

Ålesund kommune har totalt fått kr. 925 000 til etablering og utvikling av frisklivssentral.(225 000 i 2010 frå Møre og Romsdal fylkeskommune, 700 000 frå Helsedirektoratet i 2011 og 2012) Kommunen åpna tilbod i 2012 og har stengt tilbodet i 2013.

Utfordring: Befolkninga manglar såleis eit kommunalt frisklivstilbod.

Helsestasjon- og skolehelsetjeneste

Den største utfordringen innen denne delen av tjenesten er helsetjenester i videregående skole. Utfordringa ligger i kvantitet. Kommunen skal tilby helsefremmende og forebyggende tjenester i skoler (HOL § 3-2) Helsetjenester i skolen har en viktig rolle for å forebygge psykiske plager og lidelser, rusmisbruk, spiseforstyrrelser, utvikling av overvekt og å fange opp tidlige signaler på mistrivsel, utviklingsavvik m.m. Det skal også være rutiner for samarbeid med skolen og andre aktuelle instanser. Helsestasjon for ungdom som er etablert i Ålesund, har tilbud til ungdom mellom 13 og 23 år.

Fylkesmannen har ikkje hatt tilsyn med helsestasjon- og skolehelsetjenesten på fleire år, og er ikkje kjent med kvaliteten på områda.

Dialogpunkt:

- Kva tilbod vil kommunen gi innbyggjarane når det gjeld friskliv?

4.3 Pleie og omsorg

Demensomsorga.

Nasjonal kartlegging av tilbodet til personar med demens 2010/2011 synte at Ålesund kommune har jobba målretta i høve Demensplan 2015.

Kommunen har

- Gjennomført kompetansehevande tiltak som Demensens ABC
- Pårørandeskule
- Samtalegrupper
- Dagaktivitetstilbod til personar med demens. Viser og til eit prosjekt med midlar frå HelseDirektoratet og prosjektskjønn frå Fylkesmannen til dagaktivitetstilbod , samarbeid mellom Ålesund kommune og Sunnmøre museum. Senter for omsorgsforskning har hatt følgjeforskning og skreve ein rapport og Høgskulen i Volda har laga ein film.
- Eigen demensplan
- Skjerma eining
- Bukollektiv

Fylkesmannen har sendt ut brev til alle kommunane for å følgje opp den einskilde kommune etter den nasjonale kartlegginga, for å kunne gje tilbakemelding om det er behov for auka fokus på tilbodet til personar med demens.

Tilbakemeldinga frå Fylkesmannen til Ålesund kommune er

- at dei ikkje har demensteam
- og Fylkesmannen spør om det er planer om å auke talet på dagaktivitetsplassar.

Ålesund kommune svarer at kommunen

- ikkje har planar om å opprette demensteam, men har løyst det med å lære opp personar med kompetanse i demens i kartleggingsverktøy, kommunen har to geriatriske sjukepleiarar i eining for aktivisering og velferd og samarbeid med fastlegane i utgreiing av demens og
- arbeider aktivt for å auke talet på dagaktivitetstilbodet-

Utviklingscenter for heimeteneste

- Ålesund kommune har hatt utviklingscenter for heimeteneste sidan 2009.

Det er stor aktivitet og nært samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal som for eksempel:

- Omsorgskonferansen
- Demenskonferanse
- Aktiv omsorg
- Etisk kompetanseheving i kommunane
- Velferdsteknologi
- Nettverk sjukeheimslegar
- Fagleg nettverk for pleie og omsorg
- Pasientsikkerhetskampanjen

Velferdsteknologi

Ålesund kommune er med i det Midt Norske velferdsteknologiprojektet. Dei har ein tilsett i 50 % stilling for å følge opp dette prosjektet.

Helen Berg - Prosjektleder/rådgiver velferdsteknologi

70 16 28 11 - 41 14 12 44 helen.berg@alesund.kommune.no

Dialogpunkt:

Korleis vurderer kommunen behov for sjukehjems plasser/dagplasser?

4.4 Sosialtenesta

Fylkesmannen gjennomførte i 2012 landsomfattande tilsyn med sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga (NAV)

Revisjonene var avgrenset til hovedområde:

- Om kommunen sikrar at det blir foretatt forsvarleg kartlegging og vurdering ved behandling av søknad om økonomisk stønad fra personar med forsørgeransvar

Fylkesmannen sitt bilde av kommunen:

Under tilsynet blei det avdekket to avvik:

Avvik 1:

Ålesund kommune sikrar ikkje at relevante opplysningar om barnas situasjon blir etterspurt og fanga opp i kartleggingsfasen i alle saker

Avvik 2:

Ålesund kommune sikrar ikkje at det blir foretatt individuelle vurderingar ved behandling av søknad om økonomisk stønad fra personar med forsørgeransvar for barn i alle saker

Dialogpunkt

Det har vore både skriftleg og munnleg dialog mellom Fylkesmannen og kommunens kontaktperson for tilsynet. Kommunen har lagt fram ein plan for lukking av avvik som synest å vere hensiktsmessig. Kommunen har bedd om utsett frist frå 1.3. til 1.6. for å arbeide med prosedyrar for tenesta. Det synest hensiktsmessig at kommunen vektlegg at det skal vere ein samheng og ei logisk oppbygging av dei ulike prosedyrane, og at kommunen derfor treng lenger tid enn planlagt.

HPMT - Heilskapleg oppfølging av brukarar i NAV Ålesund - Eit nasjonalt forskingsprosjekt

I 2011 fekk NAV Ålesund innvilga sin søknad til Arbeid- og velferdsdirektoratet om å få bli med i forskingsprosjektet Heilskapleg Prinsippstyrt Metodisk Tilnærming (HPMT). Som eit av 9 NAV kontor i landet får dei delta som tiltakskontor i prosjektet. Fylkesmannen bidreg i opplæring og rettleiing.

Kvifor HPMT?

Modellen kan bidra til: Felles omgrep og felles forståing for kontorets arbeidsprosesser, roller og oppgåver. Styrking av rettleiarane sine, metodiske ferdigheter i møte med brukarar og samarbeidspartnarar. Auka systematikk, betre effektivitet i forvaltningsarbeidet og oppfølging av brukarar. Auka engasjement og større profesjonell tryggleik og betre resultat av oppfølgingsarbeidet og meir tilfredse brukarar. Prosjektet vil blir avslutta 01.07.13

4.5 Barnevern

Det ble gjennomført systemrevisjon med Ytre bydel i 2011 - om undersøkelser og evaluering av hjelpetiltak. Det ble avdekket to avvik. Vi venter på tilbakemelding slik at tilsynet kan avsluttes.

Den statlige satsinga på det kommunale barnevernet har gitt Ålesund til sammen 4 stillinger.

Fylkesmannen sitt bilde av kommunen:

Fylkesmannen har ingen spesielle bekymringer for barnevernet i Ålesund.

4.6 Psykisk helsearbeid

Fylkesmannen sine fokusområde

FM har samlinger med alle kommunene i fylket innen fagområdet rus og psykisk helse. Nettverksamlingen Ringer i vatn er etter hvert blitt en merkevare. Samling med kommune i fylket der ulike sentrale fagtema belyses, samtidig et viktig mål å fremme samhandling mellom forvaltnings- nivåene. 10. og 11.04 var det samling i Kr.sund med fokus på pårørenderollen (ca.110 deltakere).

Ellers har FM en viktig rolle i rapportering på nivået og utvikling etter opphør av opptrappingsplanen for psykisk helse opphørte 2008 (jfr. oppdragsbrevet fra HOD). Her er det en viss nedgang fra Ålesund kommune (jfr. nedenfor

Fylkesmannen sitt bilde av kommunen:

- Mangler psykologkompetanse i sitt tjenestetilbud
- Mer helhetlige tjeneste til mennesker med sammensatte behov innenfor fagfeltene rus/psykisk helse, det er kartlagt ca 130 brukere innen området og det er behov for ca 6 årsverk
- I behov av tiltak innen pårørendeveiledning.
- Mangler godt nok dataverktøy vedr å ta ut tall/registrere behov for Individuell plan
- Har utviklingsbehov av kompetanse rundt koordineringsrollen mht til tjenesteutvikling og tilbud (kurs starter i 2013)
- Skyvning av ansvar knyttet til dobbeltdiagnoser på spesialisttjenestenivå Starter kompetansebygging på Barn som pårørende i samarbeid med Korus (Kompetansesenteret for rusfaget). Barneansvarlig koordinator er etablert i virksomhetene – planlagt kursvirksomhet innenfor området for i sikre god faglighet og avklaring rundt rolle
- Frisklivssentralen lagt ned i 2012 stort behov for gjenopprettelse!
- Aktuelle tiltak 2013: Rådmannen starter eget prosjekt med fokus på psykisk helsearbeid og rus. Tjenestene gjennomgås med sikte på prioritering av tiltak i løpet av juni d.å.
- Forbedringsbehov innen samhandling mellom DPS-nivå og kommunen både på klientnivå og systemnivå
- Har behov for å bedre kompetansen innen taushetspliktreglene, samtykke, generell informasjon og pårørendes rettigheter

Dialogpunkt:

- Kfr. Konflikt/sykemeldinger. Hvordan sikrer kommunen tilbudet til pasientar med psykiske lidelser?

4.7 Gjennomføring av helsehjelp med tvang ovenfor pasienter som motset seg (pasient- og brukerrettighetsloves kap. 4A)

Fylkesmannen har mottatt kun 13 vedtak knyttet til dette området i 2012 fra Ålesund kommune (170 for hele fylket). En har grunn til å tro at det er underrapportering på området med de følger at ulovlig tvang blir utført. I beste fall kan det bety at tvang ikke blir benyttet. Et sentralt spørsmål er om regelverket i tilstrekkelig grad er kjent og tatt i bruk.

Dialogpunkt:

- Er det nok kompetanse på enhetene om dette lovverket?

4.8 Rettstryggleik

4.9 Rusfeltet

Ålesund kommune fikk i fjor 3,5 mill til kommunalt rusarbeid tiltakene de har satt i gang er «Broen» et tilbud for ungdom som er i ferd med å droppe ut av skolen. Det er et aktivitetstilbud med arbeidspraksis knyttet til grafisk design. Tilbudet var forslått nedlagt ved budsjettbehandling for 2013, men politikerne var enig om at tilbudet skulle videreføres. De har hatt tilskudd til dette i fire år. 4 stillinger er knyttet til dette prosjektet. Nært samarbeid med Oppfølgingstjenesten. Videre har de etablert «Integreringsbasen» med to stillinger, et samarbeid med spesialisthelsetjenesten om et oppfølgingstilbud for rusmisbrukere som er utskrevet fra institusjon. Arbeidsmarkedsbedriften «Brisk» har og hatt en stilling knyttet til oppfølging av rusavhengige som trenger ekstra oppfølging for å komme i arbeid. Det siste prosjektene vet vi ikke om kommunen har valgt å videreføre for 2013.

Ålesund er sentrum for mange omkringliggende kommuner. Mange ungdommer fra omkringliggende kommuner søker inn til sentrum, og det er uttalt alkoholbruk blant unge bybildet i helgene. I 2011 fikk kommunen skjønnsmidler til å etablere ungdomstiltak for å få ungdommene vekk fra gatene. Dette er et tilbud under kulturetaten.

Kommunen valgt å slå sammen rus og psykiatrienheten fra årsskifte. Rusarbeidet har tidligere vært organisert under hjemmetjenesten i et av distriktene.

Kommunen har mottatt barnefattigdomsmidler i fjor til Aspøya skole, et område som er befolket av familier både med lav sosioøkonomisk status og innvandrerbakgrunn. De fikk midler til innkjøp av utstyr til diverse vinteraktiviteter i tillegg til skolemat på morgenen. For 2013 har Skarbøvika ungdomskole fått tilskudd til samme type tiltak på bakgrunn av samme belastning

4.10 Kort oppsummering av fagområdet med søkelys på vidare oppfølging - aktuelle tiltak

- Pleie og omsorg
- Sosialtenesta
- Barnevern
- Psykisk helsearbeid
- Gjennomføring av helsehjelp med tvang
- Rettstryggleik
- Rusfeltet

Kap. 5 Oppvekst og utdanning

- *Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet*
- *Barnehage*
- *Grunnskule*
- *Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak*

5.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet

Barn og unge har plikt til grunnskuleopplæring, og rett til ei offentleg grunnskuleopplæring. Noreg har tiårig obligatorisk grunnskule som blir finansiert av kommunane. Barna tek til på skulen det året dei fyller 6 år. All ungdom mellom 16 og 19 år har rett til vidaregåande opplæring. Elevane kan velje mellom yrkesførebuande eller studieførebuande program, og opplæringa blir finansiert av fylkeskommunen.

Fylkesmannen skal bidra til at den nasjonale utdanningspolitikken blir følgt opp av fylkeskommunale, kommunale og private skuleeigarar. Vi skal vere ein ressurs og eit serviceorgan for kommunar, fylkeskommunar og andre med oppgåver innanfor opplæring, til dømes private skular, studieforbund og folkehøgskular.

Fylkesmannen skal dessutan bidra til å ivareta rettane og rettsvernet til elevar, føresette, lærlingar og deltakarar i vaksenopplæringa.

5.2 Barnehage

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som gir barn under skulepliktig alder gode tilhøve for utvikling og aktivitet. Alle kommunar har ei lovfesta plikt til å tilby nok barnehageplassar, og kommunane har også ansvar for å finansiere barnehagane.

Fylkesmannen skal medverke til å nå dei nasjonale måla for barnehagepolitikken.

Fylkesmannen skal mellom anna:

- *utføre tilsyn*
- *gi generell informasjon og rettleiing*
- *sikre rettar gjennom behandling av klager og andre enkeltsaker*
- *leggje til rette for og vere pådrivar i arbeidet med å betre kvaliteten*
- *forvalte statlege tilskot*
- *medverke til tverrfagleg samarbeid*

Fylkesmannen sine fokusområde

- **Retten til barnehageplass:** Fylkesmannen skal følgje opp kommunane og sjå til at dei oppfyller retten til barnehageplass.
- **Rekruttering:** Fylkesmannen skal prioritere og iverksette tiltak for auka rekruttering til barnehagelæreryrket gjennom satsinga GLØD.
- **Likestilling:** Fylkesmannen skal bidra med å auke rekrutteringa av menn til barnehagelæreryrket.

- Innhaldet i barnehagen og utviklinga av kvalitet i barnehagen: Fylkesmannen skal på fleire område arbeide med tiltak for å auke kvaliteten i barnehage, mellom anna:
 - bidra til vidareføring av satsinga *Vennskap og deltaking - kompetansesatsing for barnehagetilsette* herunder tiltak for å ivareta mangfalds- og likestillingsperspektivet
 - bidra til implementering av rettleiaren «Barns trivsel – voksnes ansvar» gjennom samarbeid med relevante aktørar
 - informere om tiltaka for rettleiing av nyutdanna barnehagelærarar
- Økonomisk likeverdig behandling: Prioritere informasjon knytt til kommunen si praktisering av forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentleg tilskot til ikkje-kommunale barnehagar

Fylkesmannen sitt bilde av kommunen:

- **Retten til barnehageplass:** Ut frå FM si vurdering oppfyller kommunen retten til barnehageplass.
- **Rekruttering:**
 - Andel pedagogiske leiarar og styrarar på dispensasjon frå utdanningskravet i Ålesund ligg under gjennomsnittet for fylket med 2 % av styrarane med midlertidig dispensasjon. Tilsvarende tal for pedagogiske leiarar er 18,7 %. Til saman 42 personar. Ålesund kommune har med andre ord store rekrutteringsutfordringar.
 - Kommunen har vore aktiv i rekrutteringsarbeidet og har blant anna fått førskulelærerutdanning lagt desentralisert til Ålesund. Kommunen har vore aktive i GLØD-prosjektet og har på bakgrunn av det bidratt i ulike samanhengar saman med FM. I tillegg har dei vore aktive i på «Ut i jobb- dag» og utdanningsmesse. Ålesund var også representert i FM sitt nettverk i forrige strategiperiode for satsing på rekruttering til utdanninga og yrket. Dei har utvikla kompetanse på dette området.
- **Likestilling:**
 - Andel menn av totalt tilsette personar i barnehagane i Ålesund er i 2012 6,6%, mot 6,3% i heile fylket.
 - I GLØD-prosjektet er også likestillingsarbeidet integrert og Ålesund har vore med og bidratt m.a. til regional plan
- **Innhaldet i barnehagen og utviklinga av kvalitet i barnehagen:**
 - Nordre Sunnmøre framstår aktive og engasjerte for å utvikle innhald og kvalitet i barnehagane. Ålesund er ei av dei drivande kommunane. Dei har gjennomført fleire prosjekt og utviklingsarbeid. «Kvalitet gjennom pedagogisk ledelse» - i samarbeid med HVO. Det var ei stor og omfattande satsing, støtta av FM. Dei har eit viktig og godt nettverkssamarbeid saman med dei andre kommunane i regionen. Dei tok på ein flott måte i mot statssekretær på besøk under arbeidet med stortingsmeldinga Framtidas barnehage i juni i fjor.
- **Økonomisk likeverdig behandling:**
 - Ålesund hadde i 2011/12 fire klagesaker med bakgrunn i ny Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlege tilskot til ikkje-kommunale barnehagar.
 - To av klagenes for 2011 vart sendt tilbake til ny behandling p.g.a. feil regelverksforståing. Dei to andre fekk ikkje medhald av Fylkesmannen.
 - I 2012 har Fylkesmannen ikkje mottatt klager etter denne forskrifta.

Nøkkeltal for barnehageområdet for 2011 (KOSTRA for 2012 er endå ikkje offentleggjort)

Indikatorar	1504 Ålesund	M&R	Landet u/ Oslo
Del av barn 1-5 år med barnehageplass	97,1	92,2	90,4
Del av barn i barnehagane som er minoritetsspråklege	5,6	7,1	..
Del av barn i barnehagar i kommunale barnehagar	26,3	49,8	..
Del av tilsette med førskolelæruddanning	30,7	29	32,9
Del av assistentar med fagutdanning eller tilsvarande	24,3	28,2	..
Del av tilsette i barnehagane som er menn	4,8	4,1	..
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehagar per korrigert opphaldstime (kr)	47	49	..
Kommunale overføringar av driftsmidlar til private barnehagar per korrigert opphaldstime (kr)		22	..

Dialogpunkt

- Rekrutteringsutfordringar
- Avklaring av grenseoppgangen mellom spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova og hjelp etter barnehagelova.

5.3 Grunnskule

Med grunnopplæring meiner vi grunnskule og vidaregåande opplæring. Opplæring på grunnskulenivå er eit kommunalt ansvar, medan fylkeskommunen har ansvar for opplæringa på vidaregåande nivå. I tillegg kan private skuleeigarar tilby grunnopplæring.

Fylkesmannen medverkar til kvalitetsutvikling av grunnopplæringa gjennom rapportering, vurdering og rettleiing. Fylkesmannen utøver dessutan tilsyn, ser til at vedtak er lovlege og handsamar klagesaker knytt til grunnopplæringa.

Fylkesmannen koordinerer avvikling av sentralt gjeve eksamen i vidaregåande opplæring.

Fylkesmannen sine fokusområde

- **Læringsmiljø:** Elevane har rett på eit læringsmiljø som fremjar helse trivsel og læring (jf oppl. § 9a-1). Status på området kan indikerast gjennom resultat frå elevundersøkinga for indikatorar relatert til læringsmiljøet. FM har i perioden frå hausten 2010 og fram til i dag ført tilsyn med kor godt skulane arbeider med skulemiljøet på områda førebygging, individuelt retta arbeid og brukarmedverknad. FM har gjennom prosjektskjønnsmidlar i 2011 og 2012 støtta prosjekt som siktar mot å utvikle skulane sitt systematiske arbeid med temaet.

- Ressurssituasjonen: Fylkesmannen følgjer med på utviklinga av ressursbruken i skulen, herunder del av elevar som får spesialundervisning og kor stor del av ressursar som blir brukt til spesialundervisning i forhold til ordinær undervisning. Ein auke i bruken av spesialundervisning på kostnad av ressursar til ordinær undervisning er etter Fylkesmannen si vurdering ei uønska utvikling. FM har dei siste åra presentert statistikk på området på arenaer med kommunane og sett fokus på utviklinga.
FM har gjennom prosjektskjønnsmidlar i 2011 og 2012 støtta prosjekt som sikter mot å betre kommunane, skulane og PPT sitt arbeid med spesialundervisninga.
- Tilstandsrapporten og skuleeigar sitt ansvar: Fylkesmannen har fokus på at skuleeigar bruker tilstandsrapporten etter oppl. § 13-10 som grunnlag for drøftingar og å fatte avgjerd på politisk skuleeigarnivå.
- Fylkesmannen samarbeider med KS og M&R fylkeskommune om skuleeigarprogrammet «Den gode skuleeigar» som blir gjennomført i 2013 og 2014.
- Vurdering for læring: Overordna målsetting er å legge til rette for at skuleeigar og skular kan vidareutvikle ein vurderingskultur og ein vurderingspraksis som har læring som mål. Dette er ei fireårig satsing som har vart frå hausten 2010. Møre og Romsdal er med i 4. pulje som starter no våren 2013.
- Ungdomstrinnsatsinga: På grunnlag av Meld. St. 22 Motivasjon – mestring – Mulegheiter (Ungdomstrinnsmeldinga), er det frå sentralt hald utarbeidd ein eigen strategi for gjennomføring av satsinga på ungdomstrinnet i fem år framover. Målsettinga er eit meir praktisk, variert, relevant og utfordrande ungdomstrinn som skal auke motivasjonen og læringa hos elevane. Regjeringa gjer tre hovudgrep som skal bidra til dette: innføring av valfag, auke fleksibilitet og prioriterte satsingar innanfor strategien.

Fylkesmannen sitt bilde av kommunen:

Læringsmiljøet:

Ålesund kommune har hatt små endringar av elevane si rapporterte førekomst av mobbing dei siste åra. Førekomsten er for våren 2012 noko lågare enn for gjennomsnittet i Møre og Romsdal og for landet. Gjennom prosjektskjønnsmidlar har regionen arbeidd med klasseleing for å skape eit betre læringsmiljø.

Ressurssituasjonen:

Ålesund kommune har hatt små endringar i samla lærartettleik (uttrykt gjennom gjennomsnittleg gruppestørrelse) dei siste 12 årene. Det har likevel vore ein auke i bruken av spesialundervisning sidan 2006. 7,1 % av elevane har enkeltvedtak inneverande skuleår, dette er under gjennomsnittet for fylket. Del av lærartimar til spesialundervisning er noko høgare enn gjennomsnittet for fylket. Dette har gått på kostnad av lærarressursar til ordinær undervisning.

Vurdering for læring:


Kommunen er saman i regionen plukket ut til å delta i prosjektet Vurdering for læring. Kommunen har hatt ei auke i talet på klagesaker når det gjeld standpunktkarakterar frå 2011 til 2012 (frå 9 til 16). Betydeleg fleire klager enn tidligare er sendt tilbake for ny vurdering. Bystyret har vedtatt å innføre anonym retting av heildagsprøver på ungdomsskulane i kommunen, og her har skuleeigar ei utfordring med å gi retningsliner til skulane slik at desse er i samsvar med krava om undervegsvurdering i forskrifta til Opplæringslova.

Ungdomstrinnsatsinga:

Satsinga er i starten og kommunane blir i første omgang invitert til ei kartlegging av kompetansebehov innanfor dei prioriterte områda. Det vil bli gitt tilbod om støtte til skolebasert kompetanseutvikling til alle ungdomsskular i landet med oppstart enten hausten 2013, 2014, 2015 eller 2016. Det blir viktig at kommunane ut frå egne planar og behov legg opp ein eigen strategi for korleis dei vil utnytte tilbod om støtte. Sunnmøre regionråd har vore aktiv i arbeidet med dei nye valfag og har arrangert møte og konferansar for dei involverte kommunane.

Nøkkeltal for grunnskoleområdet for 2011 (KOSTRA for 2012 er enda ikke offentliggjort)

Indikatorer	1504 Ålesund	M&R	Landet u/ Oslo
Elever per kommunal skule	301	159	203
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	13,9	12,9	13,4
Del av elever i grunnskolen som får spesialundervisning	7,1	9	8,6
Del av elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	4,8	4,4	5,5
Del av timer til spesialundervisning av lærertimer totalt	19,8	18,5	18,3
Del av elever i grunnskolen som får tilbod om skoleskyss	16,2	28,8	24,2
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng	39,9	40,1	39,9



Tilsyn 2009-2012: Tilsyn (dokumenttilsyn) med oppfylging av lovkrav for særskilt språkopplæring (§ 2-8) i 2010 - avvik på formkrav i enkeltvedtak. Tilsyn med elevane sitt psykososiale skulemiljø (Åse skole og Kolvikbakken u.skole) i 2011 – avvik på samansettinga av skulemiljøutvalet (SMU) ved Åse skole, elles ikkje noko lovbrøt.

Klagesaker 2011-12: For 2011: 22 klager på standpunktkarakterer (4 skoler), 7 avvist og 15 sendt tilbake (av disse 11 heva og 4 uendra). 2 klager på spesialundervisning (1 § 5-1 og 1 § 4A -2) – ikkje medhald. 16 klager på spesialpedagogisk hjelp til førskolebarn (§ 5 -7) – 11 ikkje medhald og 3 medhald og 2 sendt tilbake. 3 klage på skulemiljøet (kap 9A) – 3 ikkje medhald.

For 2012: 28 klager på standpunktkarakterer (4 skoler), 18 avvist og 10 sendt tilbake (av disse 3 heva og 3 uendra, 4 manglar svar. 3 klager på spesialundervisning (§ 5 -1) – 1 medhald og 2 under behandling. 12 klager på spesialpedagogisk hjelp til førskolebarn (§ 5 -7) – 1 ikkje medhald og 11 medhald. 1 klage på skulemiljøet (kap 9A) – under behandling.

Dialogpunkt

- Bruk av ressursar til spesialundervisning og utbytte av spesialundervisninga.
- PPT og ventelister
- Strategiar for å få til endringar på ungdomstrinnet slik at elevane opplever eit meir praktisk og variert ungdomstrinn og med ein vurderingskultur som fremjar læring

5.4 Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak

- Rekruttering av personale i barnhage
- Stratgi for endringar på ungdomstrinnet
- Vurdering for læring
- Ventelister PPT

Kap. 6 - Miljøvern og arealforvaltning

- *Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet*
- *Forvaltning av arealressursane gjennom kommunal arealplanlegging*
- *Miljøvern*
- *Forureining*
- *Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak*

Denne delen omhandlar Fylkesmannen sitt inntrykk av status og utfordringar for kommunen knytt til forvaltning av areal- og naturressursane i kommunen. Dette omfattar også oppgåver knytt til kommunal arealplanlegging etter plan- og bygningslova.

6.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet

Fylkesmannen skal medverke til gjennomføring av den nasjonale miljøvernpolitikken. Arbeidet er forankra i lover, forskrifter og retningsliner. Miljøverndepartementet, Klima- og forurensningsdirektoratet og Direktoratet for naturforvaltning er oppdragsgjevarar i dette arbeidet.

Kommunane står sentralt i miljøvernarbeidet. Rettleiing og oppfølging av kommunane er ei viktig oppgåve for Fylkesmannen. Vi samarbeider også nært med andre statlege styresmakter, fylkeskommunen og frivillige organisasjonar.

Fylkesmannen har ei viktig rolle for å medverke til ei berekraftig utvikling gjennom si oppgåve med å samordne ei rekke samfunnssektorar på regionalt nivå. Fylkesmannen har eit overordna miljøansvar, samtidig med eit eige resultatansvar på miljøvern-, forureinings-, naturforvaltnings- og planområdet. For meir informasjon om kommunal saksbehandling innan planlegging, naturforvaltning, forureining m.m.; sjå www.miljokommune.no

6.2 Forvaltning av arealressursane gjennom kommunal arealplanlegging

Fylkesmannen har eit særleg ansvar for at nasjonal politikk blir formidla og følgd opp i behandling av kommunale og regionale planar. Fylkesmannens oppgåver ved regional- og kommunal planlegging er sentrale verkemiddel for å gjennomføre regjeringa sin miljøpolitikk på ei rekke område.

Fylkesmannen sine fokusområde

- Kommunepansystemet etter plan- og bygningslova må brukast som eit aktivt styringsverktøy
- Kommunal planstrategi og Kommuneplan (samfunnsdel og arealdel) vil etter dette legge viktige føringar for vidare arbeid med områderegulering og detaljregulering
- På området *Natur- og miljøvern* vil søkelyset m.a. vere knytt til tema som landskap, friluftsliv, strandsone, viltinteresser, vegetasjon...

Fylkesmannen sitt bilde av kommunen (jf. kap. 2.2):

- Ålesund kommune har behov for ein heilheitleg grønstrukturplan for heile kommunen, særleg med fokus på tilgjenge til og ferdselsårer mellom dei bustadnære friluftsområda (markaområda) og ved sjøen. Utbygging som utfordrar markaaområda og strandsonevernet treng samla avklaring.
- Kommunen treng ei overordna planavklaring med tanke på betre styring og felles retningslinjer for boligfortetting. Fortetting utfordrar ofte friområde i gjeldande planar. Fylkesmannen legg til grunn ei streng linje for omdisponering. Ros for det pågåande sentrumsplanarbeidet (Sørsideplanen).
- Store samferdselsprosjekt er under planlegging. Desse vil få store fysiske konsekvensar, og kommunen må sjå etter løysingar for betre kollektivdekning som alternativ til massiv vegbygging.
- Det er behov for ein målretta innsats for å legge til rette for å auke bruken av sykkel som transportmåte. Kommunen må halde fram det gode arbeidet med sykkelplanen.
- Kommunen treng oppdaterte og framtidsretta planar for vidare utvikling av Moaområdet som handels- og bydelssenter.

Dialogpunkt

- For kommunen vil det vere ei viktig oppgåve å prioritere arbeidet med rullering av overordna planar (kommuneplan og kommunedelplanar) som grunnlag for ei meir heilskapleg utvikling og styring av fysisk detaljplanlegging gjennom regulerings- og utbyggingsplanar i ulike deler av kommunen. Fylkesmannen vil vere ein viktig medspelar i kommunale planprosessar.

6.3 Miljøvern

Naturvern har som mål å sikre truga artar og naturtypar, og å ta vare på eit representativt utsnitt av norsk natur for ettertida. Det er Stortinget og regjeringa som legg rammene for dette arbeidet.

Nasjonalparker, naturreservat og andre verneområde vert oppretta av Kongen i statsråd etter ein prosess, der grunneigarar, kommunar, fylkeskommunar, lokale og sentrale etatar og nærings- og interesseorganisasjonar får høve til å uttale seg. Fylkesmannen har ansvaret for prosessen i fylka, medan Direktoratet for naturforvaltning har ansvaret for den sentrale prosessen. Heimelen til å opprette nye verneområde ligg i naturmangfaldlov

Fylkesmannen sine fokusområde

- Ålesund kommune er forvaltningsstyresmakt for naturreservata Lerstadvatnet og Ratvikvatnet. Fylkesmannen har utarbeida forvaltningsplanar for desse reservata i samråd med kommunen for å gi kommunen eit godt grunnlag for forvaltninga av verneverdiane.

Fylkesmannen sitt bilde av kommunen:

- Kommunen sin administrasjon har ikkje framstått samla ved forvaltning av naturreservata. Det har vore uheldige episodar, også i media.

Dialogpunkt

- Kommunen må opptre samla og i god kommunikasjon med Statens naturoppsyn og fylkesmannen ved forvaltninga av dei naturreservata der dei ei forvaltningsstyresmakt.

6.4 Forureining

Fylkesmannen er forureiningsstyresmakt for

- *landbasert industri, med unntak av dei verksemdene som Klima- og forurensningsdirektoratet er forureiningsstyresmakt for.*
- *alle avfallsanlegg, med unntak av behandlingsanlegg for farlig avfall og anlegg for opphogging av utrangerte offshoreinstallasjonar. Fylkesmannen skal også hente inn avfallsplanar frå hamner og drive tilsyn med dei.*
- *lokalitetar med forureina grunn som kan knytast til verksemder og bransjar som er omfatta av delegerte saksområde.*
- *utslepp av kommunalt avløpsvatn frå større tettbebyggelse.*

Fylkesmannen kan gi løyve til verksemd som fører til forureining. Når Fylkesmannen gir slike løyve, må verksemda sikre tiltak for å minske ulempa for miljøet og andre.

Fylkesmannen sine fokusområde

Kommunen har ei rekkje rollar innan avløp, både som anleggsei, forureinar og mynde. God kontroll med avløpsvatn er viktig for å hindre sjukdomsspreiing og overgjødsling. Avløpskontroll er i tillegg med på å sikre godt drikkevann, unngå forureining av jordvatningsanlegg, og gi gode moglegheiter for rekreasjon som fiske og bading.

Fylkesmannen sitt bilde av kommunen:

Ålesund kommune er no ein fase med oppgradering av avløpsreinsanlegg. Ombygging av RA2 Aspøya avløpsreinsanlegg er under planlegging og prosjektet nærmar seg gjennomføring.

Kommunen arbeider no med søknad om nytt utsleppsløyve for RA2.

Dialogpunkt

Viktig med god dialog mellom Fylkesmannen og kommunen i forbindelse med påslepp av prosessvatn til kommunalt avløpsanlegg, frå verksemder kor Fylkesmannen er *forureiningsstyresmakt*.

Det er viktig med oppdaterte kommunale avløpsplanar, som òg inkluderer handsaming av overvatn.

Alle større avløpsreinsanlegg skal tilfredstilla forskriftskrav innan 31.12.2015.

6.5 Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak

- Forvaltning av arealressursane gjennom kommunal arealplanlegging
- Miljøvern
- Forureining

Kap. 7 – Landbruk

- *Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringer på fagområdet*
- *Landbruk og bygdeutvikling*
- *Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak*

Denne delen omhandlar Fylkesmannen sitt inntrykk av status og utfordringer for kommunen knytt til næringsutvikling og forvaltning av areal og naturressursar retta mot landbruk og bygdeutvikling.

7.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringer på fagområdet

Fylkesmannen skal medverke til at den nasjonale landbrukspolitikken blir gjennomført ved hjelp av informasjon, forvaltning av verkemiddel og lokalt tilpassa tiltak.

Fylkesmannen samarbeider med ei rekkje andre organisasjonar, fylkeskommunen og kommunane. Næringsutvikling med basis i jordbruk, skogbruk og tilknytte næringar er sentrale samarbeidsområde.

Fylkesmannen samarbeider med fylkeskommunen, Innovasjon Norge og kommunane om hoppid.no – ei felles satsing på entreprenørskap.

Kommunen si rolle i landbruksforvaltninga

Ålesund kommune si landbruksforvaltning vert i all hovudsak utført gjennom det interkommunale samarbeidet Nordre Sunnmøre Landbrukskontor. Det interkommunale samarbeidet er organisert etter § 28b i Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) 25.09.1992 nr. 107, der Ørskog kommune er vertskommune.

Avgjerd i saker knytt til tilskotsforvaltninga er i stor grad delegert til administrativt nivå i det interkommunale samarbeidet. Lovsaker etter jord- og konsesjons- og odelslov vert førebudd der og handsama politisk i kommunen.

Ålesund kommune har nyleg etablert hoppid.no-kontor i Ålesund Kunnskapspark. Dette er eit samarbeid med kommunane Skodje og Sula.

Jordbruket i Ålesund kommune

Landbruksnæringa er ei lita næring i kommunen.

16 føretak søkte om produksjonstilskott pr 20.8.2012. 13 av desse driv med husdyrproduksjon, derav 4 bruk med mjølkeproduksjon, 1 med svinekjøttproduksjon, 2 med storfekjøtt og 6 bruk med sau. I tillegg er det grovforproduksjon for sal, honningproduksjon og grønnsakproduksjon.

Desse føretaka driv til saman 1600 daa jordbruksareal. Føretaka eig vel 500 da jordbruksareal sjølve, resterande 1100 da er leigejord. Gjennomsnittleg andel leigejord for landbruksføretaka i Ålesund kommune er 68%. Dette er nest høgast mellom alle kommunar i fylket. Gjennomsnitt for fylket er 52%.

Skogbruk i Ålesund kommune

Ålesund kommune har 12 000 daa produktiv skog. Det er lite aktiv skogsdrift i kommunen. Ålesund kommune er sjølv ein stor skogeigar.

Utfordringane for landbruket i Ålesund er mykje likt resten av fylket:

Viktige utfordringar framover er:

- Vern av produksjonsareal – konflikt mellom ulike interesser
- Leigejordsandelen vert stadig høgare – eigedomsstrukturen er ikkje i samsvar med driftsstrukturen
- Rekruttering til næringa – spesielt i forbindelse med generasjonsskifte

I følgje tal frå SSB er det venta relativt stor vekst i folketalet i Ålesund kommune framover, noko som kan medføre auka press på landbruket sine produksjonsareal. Det bør i stor grad leggast vekt på fortetting og utnytting av allereie avsette utbyggingsområde.

7.2 Landbruk og bygdeutvikling

Fylkesmannen sine fokusområde

- Kommunane har ansvar for ivaretaking av jordvernet saman med regionale og sentrale myndigheiter.
- For dei som driv aktiv landbruksnæring i ei bykommune er arealforvaltninga eit svært viktig område.
- Med ein så høg leigejordsandel som det aktive landbruket i Ålesund kommune har, er det ekstra viktig at kommunen tek eit aktivt ansvar for jordvernet.
- Fylkesmannen legg stor vekt på at avvegingar mellom ulike interesser skal gjerast gjennom plan og ikkje gjennom enkeltsaker og dispensasjonar. Det er også viktig at kommunen sine tilsette på landbruksforvaltninga, i dette tilfellet Nordre Sunnmøre Landbrukskontor, vert involvert i det administrative planarbeidet så tidleg som råd.

Fylkesmannen sitt bilde av kommunen:

- Fylkesmannen oppfattar Ålesund kommune som ein kommune der plan i stor grad dannar grunnlag for arealforvaltninga.
- Det var gjennomført kontroll av tilskotsforvaltninga innan landbruk på Nordre Sunnmøre landbrukskontor i 2009.
- Fylkesmannen har ei oppfatning av at oppgåvene som vert utført av kommunen si landbruksforvaltning, Nordre Sunnmøre landbrukskontor, vert gjort på ein god og
- forsvarleg måte.

Dialogpunkt

- Arealforvaltning gjennom plan - kommuneplan og reguleringsplan
- Tidleg administrativ involvering av ulike fagområde, også frå landbruksforvaltninga
- Vektlegge fortetting og god utnytting av allereie avsette utbyggingsområde

7.3 Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak

- Arealforvaltning gjennom plan, herunder vern av jordbruket sitt produksjonsareal

Vedlegg:

Lenker til Landbruksmelding for M&R, vedteke av fylkestinget i desember 2012

[http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Fylkesplan/Fagmeldingar/Landbruksmelding-for-Moere-og-Romsdal/\(language\)/nno-NO](http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Fylkesplan/Fagmeldingar/Landbruksmelding-for-Moere-og-Romsdal/(language)/nno-NO)

Kap. 8 Oppsummering

Kort oppsummering av Fylkesmannen sitt samla inntrykk av status og utfordringar for kommunen knytt til ulike tema- eller fagområde. Søkelyset blir i særleg grad retta mot koplingar og samanhengar mellom desse, og på bakgrunn av dette ei nærare drøfting av meir langsiktige mål og strategiar for kommunen i lys av nasjonale og regionale rammer og føringar. Fylkesmannen vil her vere ein viktig samarbeidspart og medspelar for kommunen.

8.1 Vidare dialog og samarbeid

- **Generelt om Fylkesmannens rolle og funksjon**

- **Regional og kommunal samfunnsutvikling - plansamordning**

- **Kommunal og beredskap**

- **Helse og sosial**

- **Oppvekst og utdanning**

- **Miljøvern og arealforvaltning**

- **Landbruk**

Vedlegg

Nokre aktuelle lenker til:

Statistikk

- Kommunestatistikk Møre og Romsdal
<http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Kommunestatistikk>
- Fylkesstatistikk Møre og Romsdal
<http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Fylkesstatistikk>
- Folkehelsestatistikk Møre og Romsdal
<http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Folkehelsestatistikk>
- SSB/KOSTRA <http://www.ssb.no/kostra/>

Tabellar/figurar/kart

- Møre og Romsdal fylkeskommune/Plan og analyse/Kart og fagdata
<http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Kart-og-fagdata>

Planar/dokument m.m.

- Regional planstrategi 2012 – 2016 Møre og Romsdal
<http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Regional-planstrategi>
- Riss <http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/RISS>
- Temp <http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Konjunkturbarometeret-Temp>

Tilsynskalender

Fylkesmannen i Møre og Romsdal; heimeside

<http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/>